

NVE  
Boks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Vår ref.:  
01/09-JON

Dykkar ref.:  
NVE 200802132-2 ktv/csj

Dato:  
06.02.09

Saksbehandlar: Arnodd Håpnes, tlf.: 23 10 96 13,  
e-post: [ah@naturvern.no](mailto:ah@naturvern.no)

## **Rullestad og Skromme Energi AS - melding etter PBL om utbyggingsplanar i Rullestad og Skromme, Etne kommune, Hordaland. SRNs høringssvar**

SRN viser til planane over, som vi ikkje har fått på høring. I ettertid er vi gjort kjent med desse omfattande kraftutbyggingsplanane i eit verneverdig vassdrag, og vi vil derfor gi eit høringssvar etter den offisielle fristen.

### **Bakgrunn**

Utbygger ønskjer å utnytte fallet i fleire elver med innløp i Rullestadvatnet til kraftproduksjon. Prosjekta har ein samla produksjon på ca 145 GWh, og representerer mange inngrep i eit avgrensa og viktig område både for biologisk mangfald og friluftsliv. Det er planlagt kraftverk i Bordalselva (med inntak av Sagelva, Raudbekken og Skårselva), Dalelva (to kraftverk, Rullestad og Skromme, det første evt. med inntak av Bordalselva) og Kvernhuselva.

Totalt sett gir desse utbyggingsplanane mange og store inngrep i eit konsentrert område. Vi kan nemne diverse nye og forlenging av eksisterande vegar, 3-4 m høge inntakdammar, rørgater, dels i dagen, dels nedgravd, tørrlagte elvestrekningar og transformatorstasjon samt 66 kV-kraftlinje.

### **Dalelvas verneverdi**

Alle elvane der det er planlagt utbygging inngår i nedbørfeltet til det same vassdraget, nemlig **Dalelva**, som er hovudelva i området med utløp i Åkrafjorden ved Fjæra nedstrøms Rullestadvatnet (107 km<sup>2</sup>, vassdragsnummer 042.3Z). Dette finn ein enkelt ved å gå inn på REGINE (Register over nedbørfelt), som ein finn på NVE-Atlas. Det er overraskande at dette ikkje er omtalt noen plass i meldinga eller i brosjyra. Dette er nemlig eit svært viktig poeng, fordi Dalelva vart tatt ut av Saudautbygginga i 2003 pga. vassdragets store verneverdi.

Dalelva er ein opplagt kandidat ved eit ytterligare vassdragsvern (jfr. Soria Moria, som tar til orde for ein gjennomgang av Samla plan-prosjekt med tanke på å få nye vassdrag inn i verneplanen), og realisering av Rullestad og Skromme Energi sine omfattane planar vil effektivt sette ein bom for vern av eit vassdrag der elvestrekningane i all hovudsak er urørt.

Nedbørfeltet er også ein svært viktig innfallspørt til Etnefjella, eit populært og mye brukt tur-område med eit godt utbygd rute- og hyttenett. Med E134 i tunnel forbi nedre del av Dalelva, inkl. Rullestadvatnet, får vassdraget enda større verdi for friluftsliv og naturoppleving. Her kan ein da oppleve elva i tronge juv, ein gammal postveg heng i fjellsidene og det finst velutvikla jettegryter (Nord-Europas største).

Av andre moment som gir Dalelva stor verneverdi kan vi nemne: Elva blir kalka, nedre del har laks, sjø- og bekkeare. Fuglefaunaen er relativt artsrik, 88 artar er registrert, 6 er trua. Hjort og villrein finst også innafør nedbørfeltet. Vassfaunaen er relativt rik, bl.a. med mange grupper av botndyr og god tettleik. Bordalen har mange velhaldne stølshus/vollar som vitner om tidligare tiders bruk. Samspelet mellom stølane og vassdrags/fjellnaturen gjer området særst verdifullt. Oppå fjellplatået er det store, vide landskapsrom, variert og urørt natur. Det er også viktige beiteområde der elvane fungerer som sjølvgerde.

### **KU-program**

SRN støtter det som er foreslått av utgreiingar og omtale i utkastet til KU-program. Det er likevel noen tema vi sakner, og som absolutt må med i ei konsekvensutgreiing. For det første må Dalelvas verneverdi kartleggast grundig. Det gjeld både dei verdiane som låg til grunn for at vassdraget vart tatt ut av utbyggingsplanane for Sauda og dokumentasjon av viktige naturtypar/verneverdige område. Nedbørfeltets urørte preg, omfanget av INON-område (og reduksjonen av dette arealet ved utbygging) og følgjeeffektar av kraftutbygging (anleggsvegar som gir tømmerdrift i utilgjengelige område, bygging av hyttefelt, grøfting/drenering av myr osv.) må også sjåast grundig på. Til sist vil vi nemne satsinga på turisme og enkelt friluftsliv og det store potensialet som ligg i å utvikle dette vidare.

### **Konklusjon**

SRN er skeptisk til dei omfattande kraftutbyggingsplanane i Dalelva, som er presentert i meldinga frå Rullestad og Skromme Energi. Nedbørfeltet har store verneverdiar både når det gjeld landskap, naturmiljø, friluftsliv, kulturminne og turisme, og elva har i dag ikkje kraftverk eller andre større tekniske inngrep. Blir det gjennomført konsekvensutgreiing er det viktig å få kartlagt Dalelvas verneverdi, elvas urørte preg og det store potensialet for turisme/friluftsliv.

Med vennlig helsing

Arnodd Håpnes  
SRN-sekretær